

Statistikk og keldekritikk

Quiz-spørsmål

1. Kva gjorde at grafen til partiet Venstre blei kritisert?
 - a. Y-aksen var kutta for å få aukinga til å sjå stor ut
 - b. X-aksen var kutta for å få aukinga til å sjå stor ut
 - c. Origo var fjerna for å få aukinga til å sjå stor ut
2. Kva for ein farge har logoen til partiet Venstre?
 - a. Blå
 - b. Grøn
 - c. Raud
3. Kva for nokre to fargar blei brukte i koordinatsystemet til Venstre?
 - a. Blå og grøn
 - b. Raud og blågrøn
 - c. Raud og gul
4. Kvifor brukte Venstre desse fargane?
 - a. Arbeiderpartiet overtok etter Høyre som regjeringsparti i 2013
 - b. Det var regjeringskifte i 2013 og Noreg fekk ei blå (seinare blågrøn) regjering
 - c. Venstre overtok etter Høyre som regjeringsparti i 2013
5. Kva for nokre to fargar blei brukte på grafen til Høyre?
 - a. Blå og grøn
 - b. Raud og blå
 - c. Raud og grøn
6. Kvifor brukte Høyre desse fargane?
 - a. Blå står for Høyre og grøn står for Venstre
 - b. Raud står for Arbeiderpartiet (m.fl.) og blå står for Høyre
 - c. Raud står for Arbeiderpartiet (m.fl.) og grøn står for Høyre
7. Korleis blei grafen til partiet Høyre manipulert?
 - a. Dei hadde fjerna nokre målingar for å få det til å sjå ut som om det var nedgang heile tida
 - b. Dei hadde lagt til nokon målingar for å få det til å sjå ut som om det var nedgang heile tida
 - c. Dei hadde fjerna nokre målingar utan at det endra grafen
8. Treng grafar ei overskrift?
 - a. Nei, overskrifter har ikkje noko å seie
 - b. Jo, overskrifter kan seie noko om kva grafen viser
 - c. Nei, overskrifta seier alltid det same som grafen viser uansett

9. Er det bra å lage ein graf basert på kun to målingar?
 - a. Nei, ein treng fleire målingar
 - b. Ja, det går heilt greit
 - c. Nei, ein klarer seg med ei måling

10. Dersom aukinga i talet på legebesøk (frå eit år til det neste) stig med 0,3% og folketalet stig med 0,7%, kan vi då seie at folk er blitt sjukare?
 - a. Ja, det er jo fleire som går til legen
 - b. Nei, ein må samanlikne med folketalet
 - c. Ein kan sjå bort frå folketalet, det har ikkje noko å seie

Diskusjonsspørsmål

1. Kva kan ein gjere om ein vil få ei auking til å sjå stor ut?
2. Finnest det alltid eit fasitsvar på kva for nokre storleikar ein skal bruke på x- og y-aksen?
3. Synest du det er greit at politiske parti justerer grafar slik vi såg i filmen?